

BOKN BYGDABLAÐ

NR. 1 FEBRUAR 1991 ÅRG. 6

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR



LOKAL FEST NÅR BOKNASUND BRU OPNAR OFFISIELT DEN 22. FEBRUAR

Fredag den 22. februar vil Bokn kommune markera åpninga av Boknasund bru, og det er god grunn for samtlege boknarar å ta del i feiringa. Det må også vera god grunn til å heisa flagget denne dagen, og for ungane å få flagg med seg.

Festen startar på brua kl.12.00 . Her vil det delta musikkorps, og ei spesiell åpningsmarkering vil finna stad.

Klokka 13.00 vil det bli fest på Bokn skule. Det vil bli underholdning og servering. Ei stor kake skal lagast av dyktige bokn-konditorar, og saman med kaffi og brus vil nok dette smaka.

Underholdninga vil bli både musikalsk og andre innslag.

Jan Spurkeland vil vera med, og då vil det nok bli framført både songen om Boknabru og andre musikalske godbitar med lokal vri. Også Bokn sine eigne musikalske krefter blir med.

Skulen skal ha fri denne dagen, og Bokn kommune inviterer alle boknarane til å vera med på feiringa. Det ville vore fint om flest muleg, både vaksne og barn, kunne ta seg fri for å vera med på denne festdagen kor Austre og Vestre Bokn vert knytt saman, samtidig som også Vestre Bokn får fastlandssamband.

Dei som ikkje sjøl kjører bil, vil kunna fylgja oppsett skyss med buss frå brua til skulen etter at åpninga på brua er over.




KJELDESORTERING AV AVFALL

Me takkar alle som har svara på spørjeskjema om avfallsortering. Til 18. januar er det komen inn 60 skjema. Det er ein svarprosent på ca. 23. Ein har fått klare signal om korleis ein bør satsa innan dette området, så no blir det enklare å få til ein god plan for innsamling av spesialavfall og kjeldesortering.

Heile 95 % av dei som svarte ynskjer ein fast stad på Bokn der ein kan levera spesialavfall. 73 % kan tenkja seg å sortera ut hushaldningsavfall og ta det med til containerar ved forretningane. Men berre 17 % kan tenkja seg ei slik løysing dersom prisen på renovasjon må opp p.g.a. dette. Kjeldesortering ved heimane, slik at bosset blir henta på staden, er det 55 % som kan tenkja seg. 22 % godtek auke i renovasjonsavgifta for denne måten.

Det er avsett ein del midlar i budsjettet for 1991 til samleutstyr for kjeldesortering. Truleg kjem i ein i gong med innsamling av ein eller fleire fraksjonar i år.

PRIVATE AVFALLSPASSAR



Saka vart først teken opp i helserådet der dei ba teknisk etat om å kartleggja private avfallsplassar i Bokn. Etter dette sende helserådet saka til miljøutvalet. Miljøutvalet gjorde dette vedtaket:

"Som eit eingongstilfelle set Bokn kommune i gong ein ryddeaksjon på private avfallsplassar for å fjerna avfallet. Pengar må finnast på budsjettet til dette. Ryddeaksjonen som ein orienterer om i Bokn bygdeblad, bør skje snarast for moloanlegga og helst før Boknasundet bru blir opna. Grunneigarar blir tilskrivne før ryddeaksjonen med tilbod om fjerning. Fjerning av andre private avfallsplassar vil skje etter ei prioritert rekkefylgje. Lag og organisasjonar kan utføra arbeidet. Aksjonen blir administrert av teknisk etet. Ved funn av private avfallsplassar seinare kan ein i samsvar med §§ 28 og 37 i forureiningslova påleggja vedkommande å fjerna avfallet for eiga rekning.


Årlege ryddeaksjonar i strandsona blir utført av kommunen. Ein sum må setjast av årleg i budsjettet til dette formålet. Ryddeaksjonane, som blir administrert av teknisk etet, kan utførast om våren av lag og organisasjonar.

Før 17.mai blir det kvart år stasjonert ut bossbil på faste plassar til fastlagde tider. Der kan private hushaldningar kvitta seg med hageavfall og og anna avfall etter våroppryddinga utan å betala ekstra avgift for dette. Aksjonen blir utført av teknisk etat.

Miljøutvalet får i oppdrag å informera i Bokn bygdeblad om kartleggjinga av private avfallsplassar og om oppryddingsaksjonane."

Saka har no vore ute til høyring i helse og sosialstyret og teknisk styre. Helserådet sitt vedtak er slik:

"Bokn helse og sosialstyret støtter det forslag til vedtak som miljøutvalget har forfattet. Helse- og sosialstyret anbefaler at kommunen avsetter midler på budsjettet for 1991 til en grundig opprydding av private avfallsplasser, og senere årlige midler til en oppryddingsaksjon i strandsonen. Det anbefales også at man benytter §§ 28 og 37 i forurensningsloven ved senere påvisning av private avfallsplasser til å pålegge rette vedkommende å fjerne avfallet for egen regning."



Teknisk styre gjorde dette vedtaket:

" Teknisk utvalg ser positivt på forslaget om å innføre faste ryddeaksjoner hos publikum og i strandsonen.

Utvalget vil ikke tilrå at kommunen bekoster fjerning av private søppelplasser. Som hovedregel bør man pålegge eieren å fjerne avfallet for egen regning i. h. t. forurensningsloven."

Alle tre vedtaka er samrøystes vedtekne. Saka skal vidare til formannskapet og til kommunestyret før ein får klårlagt om søppelplassane skal vekk og korleis ein skal ordna dette i praksis.

RADIO 102

Lytt til miljøtimen i 102 i februar. Vi får truleg miljønytt frå Bokn.

Sekretæren i miljøutvalet

ÆTTEGRANSKING

Tysvær historie og ættesogelag har kurs i ættegransking som går over 7 kveldar med 3 timar kvar gong. Kursstart 13. februar kl. 18.00. Påmelding til Egil H. Bjørlo tlf.777398, Harry Vik tlf.779739 eller Gustav Skorpe tlf.778187. Det er andre boknarar som har meldt seg på, så det går kanskje an å slå lag.

SKITUR TIL SAUDA

Bokn Røde Kors Hjelpekorps har også i år tenkt å arrangere skitur til Sauda. Turen vil bli den 24. mars (Palmesøndag). Pris kr.200,- pr. person. Kr. 400,- pr. familie. I prisen er det innkludert dagskort for skiheis og 1 flaske brus.

Påmelding til Trine tlf. 74 84 16 innen 1. mars.

BLI KJEND MED

BOKN-DAG

Sundag den 24. februar, to dagar etter at Boknasund bru er offisielt opna, reknar ein med at ein god del folk vil koma til Bokn for å sjå seg rundt i kommunen og på det nye vegsystemet.

Denne sundagen vil Bokn kommune saman med næringsinteresser i kommunen laga til ein såkalla BLI KJEND MED BOKN-DAG. I ei annonse i lokalavisa vil ein invitera folk i distriktet til Bokn denne sundagen. Ein ny brosjyre om kor nærings- og forretningslivet fins i Bokn er under utarbeiding, og vil bli utdelt på Ognøy saman med ein annan Bokn-brosjyre. Vidare er det planar om kafe på Bokn skule denne ettermiddagen, pluss at det er søkt kommunestyret om sundagsope i butikkar på ettermiddagen denne dagen. Det er næringskonsulent Stein Alendal som opplyser dette til bygdabladet. Han håper at kommunen og næringsdrivande på Bokn denne dagen kan få vist fram Bokn som ein interessant kommune.

BIBLIOTEKET:

Bokn aukar mest

Bokn folkebibliotek er det biblioteket i Rogaland som auka mest i utlån i 1990. Mens fleire av biblioteka i Nordfylket hadde nedgang i utlånet i 1990, var det ein oppgang på ca. 17% i Bokn. Biblioteksjef Linda Jensen seier til bygdabladet at noko av årsaka til utlånsauken er utvida åpningstid frå 1990. Elles synes det som om at tirsdagen med "Tirsdagstreff" i Allrommet gir ringverknader også for biblioteket. I tillegg har biblioteket hatt fleire barnetimar og bokkafe i 1990 som også har ført til meir barn og ungdom i biblioteket.

SKULEBRANNEN:

Ukjend brannårsak

Det er ikkje kjendt kva som var årsaka til brannen på Bokn skule onsdag den 23. januar. Det var kl. 21.20 at folk som var på trening i gym.salen merka røyk då dei skulle heim. Dei fann då ut at det var brann i tekstilrommet. Brannvesenet vart tilkalla og var på plass etter 7 -8 minutt, og eit røykdykkarlag gjekk inn og fekk sløkt brannen. Tekstilrommet var då heilt totalskadd av brannen, som p.g.a. lita lufttilførsle ikkje hadde spreidd seg. Men røyk- og varmeutviklinga var sterk, og det skulle ikkje så mykje til før brannen hadde utvikla seg og kunne blitt vanskeleg å få kontroll på.

Ved lensmannskontoret i Tysvær får bygdabladet opplyst at årsaka til brannen på Bokn førebels ikkje er oppklart, men at dei arbeider med saka.



For til enhver tid å ha oversikt over hvem som kan være interessert i arbeid på Bokn Fiskemottak A/S ber vi disse om å kontakte daglig leder Bjørn Eirik Gundersen. Du vil da bli registrert fortløpende for senere kontakt ved behov for ny arbeidskraft.

BOKN FISKEMOTTAK A/S

v/ Bjørn Eirik Gundersen

tlf. 74 86 00

PÅ ARBEID I 30-ÅRA

Bokn Bygdablad har vore så heldig og fått eit par historier frå Hilmar Svendsen frå den tida han var ung. Her kjem den første.

- Den første lastebilen som kom til Bokn blei kjøpt av Kristoffer Håland. Eg trur det var i 1930. Eg hugsar godt bilen, ein måtte starta motoren med sveiv.

Om sommaren var eg med på grusing av vegen. Det var ein hard jobb å vera i gruba. Me arbeidde så sveitten rann. Grusen skulle sollast, så det var vanskeleg å halda lass. Timeløna var 70 øre timen.

På den første bilen kunne ein berre slå ned den bakerste delen av karmen, sidene var faste, slik at ein måtte skufle grusen av bakover. Det var eit slit berre det. Så kom den andre bilen. Det er den eg hugsar best. Det var ein stor bil. På den kunne ein slå karmen ned på begge sider, og berre det var ein stor lette (det var ingen tipp på bilane).

Mange gonger var eg med på å kjøra melkespann. Då stod ein på stigbrettet, for ein skulle springa i førevegen og lukka opp grindane ("lednå"). Det var 22 grindar frå Jøsen til Føresvik når alle var i om hausten. Dei mest forargelege var dei 2 nede i Hålandsbakkjen og det nede i Slettabakkjen. Når ein kom med last, var det å ta til å springa det ein var kar til for å halda leet oppe. Og det nede i Slettabakkjen. Der var det og å springa det ein var kar til for å halda leet oppe. Når bilen var passert, var det å slå leet igjen og springa etter bilen for å nå han igjen.

Kvar sommar var det som sagt grusing. Eg fekk det dei nå kallar "bildillå". Eg haldt antageleg å maste på Kristoffer om å få læra å kjøra. Eg hugsar det var nede på planen i Føresvik eg fekk prøva meg. Det var kr.4,- pr. time eg skulle betala. Han syntes han måtte ha det for bensinen hadde stege så mykje.

Eg trur det var ein søndag me skulle kjøra utover. Eg hugsar me kjørte på "krabbegir" opp Kyrkjebakkjen. Det var berre ca. 10 cm klaring i dei smalaste lednå. Så ein måtte sikta godt. Han Kristoffer var ein god læremeister. Etter nokre trafikktimar i Kopervik skulle eg kjøra opp. Det var skjelden å treffa på ein bil der. Det kosta kr. 7,- pr time. Alsaker var bilsakkyndig. Når me kjørte sat han og preika heile tida. Han spurde om det var kjekke jenter på Bokn og om eg hadde vore på Boknafjellet. Det var for å sjå om eg både kunne snakka og kjøra samtidig.

Det gjekk fint. Lappen fekk eg. Han er datert 27. januar 1933. Han gjekk ut før krigen og blei ikkje fornya.

Å ha førarkort den gongen var nesten som å ha flysertifikat i dag. Men det var som sagt dårlege tider. Her på Bokn var ingen ting. Eg prøvde mange plasser å koma inn som lærling. Prøvde til å med å koma inn som bakarlarling. Men ikkje tale om. Det var kanskje det beste og. Til slutt fekk eg jobb hos ein på Øvre Stokka. Eg skulle vera dreng og sjåfør. Men dette er ei anna historie som eg kjem tilbake til.

helsing

Hilmar Svendsen

BEDEHUSET

Bokn Bedehus nærmar seg nå fullføring etter ein omfattande ombygging. Som kjent fekk kristenfolket i Bokn dette huset i gåve frå Bokn kommune, og det er me svært takksame for.

Dugnadsinnsatsen har vore stor. Møtesalen er ferdig. Den er lys og fin med nye stolar og flotte gardiner. Det vesle den har vore i bruk har den fungert bra, bortsett frå at det er for lite stolar. Toaletter og gang oppe er også ferdig.

I nedre etasjen er me og i full gang, men ein del står att. I heile etasjen manglar det golvbelegg, både i matsal, gang og på kjøken. På kjøken manglar det også

oppvaskmaskin, komfyr og vifter. I kjøkenska manglar det litt av kvart, og det manglar stolar til matsalen. Plassen utanfor huset skulle og hatt fast dekke.

I kassen vår er det nå ca. 15.000,- kr. Som ein ser er det mange ting dei pengane skal brukast til og dei rekk sjølv sagt ikkje til alt.

Difor må me ut å "tigga". Me har ein konto i SR-bank kto. nr. 3373.30.03850, og her går det an å setja inn gaver ein vil gi til bedehuset. Det er og høve til å venda seg til kasseraren, Andreas Borgenvik eller andre i styret. Me tar imot alle gaver med takk!


"Fiaskomiteen".

Sparebankenes Personkort



Alt du trenger





BIBLIOTEKET -
gratis å spørje
gratis å få svar

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : 10.00 - 13.30

ONSDAG : 16.00 - 19.00

TORS DAG : 10.00 - 13.30

LESETIPS FOR VAKSNE

Koontz, Dean:
Skytsengelen

Stefansen, Arnt:
Folkevår i øst

Pollestad, Kjell A.:
Veien til Rom

Deforges, R.:
Under Novgrods himmel

Hestenes, O.:
Kamp i sort kappe

BARN OG UNGDOM

Jønsson:
Håkon Håkonsen

Disney, Walt:
Den lille havfrue

Dahl, Roald:
Den magiske fingeren

Hauger, Torill T.,
Lincolns blå soldat

Staalesen, Gunnar:
Vikingskattens hemmelighet

BOKKAFE

"Petra" startar opp med
bokkafe onsdag 13. februar
kl. 16.00

BARNETIME

Det vert barnetime på
biblioteket onsdag 13.
februar kl. 17.00





ORIENTERING OM REGLENE FOR TILDELING AV TILSKUDD TIL PRIVAT VANNVERK

Reglene om tildeling av kommunalt tilskudd til private vannverk ble vedtatt av kommunestyret den 08.05.1984.

En gjør særlig oppmerksom på at anlegget skal være godkjent av teknisk utvalg før arbeidene igangsettes.

TILSKUDDETS STØRRELSE:

Maksimalsatsen for kommunalt tilskudd til privat vannverk, settes til 25% av faktiske utgifter, dog begrenset oppad til kr. 12.000,- pr. bolighus.

TEKNISKE LØSNINGER:

Anlegget skal beskrives med angivelse av vurderte og valgte vannkilder. Det skal være foretatt kapasitetsberegning og foreligge kvalitetsvurdering med godkjenning av helserådet.

Nåværende og framtidig vannforbruk skal beregnes samt angivelse av dimensjonsvalg.

Søknaden skal inneholde tegninger og ledningsnett med påførte lengder, dimensjoner og inntaksordning, samt opplysninger om rettigheter til legging og vedlikehold av ledninger m.v.

KOSTNADSOVERSLAG

Kostnadsoverslaget skal være spesifisert og omfatte alle enhetspriser for arbeid og innkjøpspriser for materiell.

ANDRE FORHOLD

Dersom anlegget ikke er igangsatt i løpet av samme året tilskuddstilsagnet er gitt, må ny søknad innsendes.

Tilskuddene fastsettes av teknisk utvalg innenfor rammen av budsjetterte midler.

Avgjørelser som er tatt av teknisk utvalg, kan påklages til Bokn formannskap

TEKNISK SJEF

OMREGULERING

I samsvar med § 27-1 i plan- og bygningslova vil bygningsrådet i Bokn melde frå om at det blir sett i gong omregulering i Føresvik. Formålet er å få ei tryggare utkøyrse frå Leirgrovegen ved leikeplassen og ut til Stabbursvegen. Vegen er tenkt å gå ut gjennom eksisterande leikeplass. Leikeplassen må då flyttast noko lenger sørover. Interesserte kan henvenda seg til teknisk etat skriftleg, ved personleg frammøte eller pr. telefon.

Teknisk sjef

MIDDAGSOMBRINGING

På mandagar, onsdagar og fredagar vil Bokn kommune frå 1. mars tilby utbringning av varm middag m/ suppe eller dessert til pensjonistar. Prisen vert kr. 25,- pr. porsjon.

Middagen kan bestillast i tlf. 74 85 00 innan kl.12.00 dagen før ein vil ha maten levert ved døra.

Helse- og sosialetaten.



VAKSENOPPLÆRING

Skulestyret ønskjer, i samsvar med vaksenopplæringslova, å gje følgjande undervisningstilbod til vaksne i Bokn:

1. Undervisning med tanke på å gjennomføre ungdomsskulen i eit eller fleire fag.

Tilbodet er i første rekke for dei som ikkje tidlegare har hatt høve til å ta ungdomsskulen. Men også andre kan melde seg på.

Dersom det er elevgrunnlag for det kan undervisning i eit av faga norsk, engelsk eller matematikk kome i gong alt i dette skulehalvåret.

Skulesjefen tek i mot påmelding og kan også gje nærmare opplysningar. Meld deg gjerne på før 15. februar 1991.

2. Undervisning for vaksne med lese- eller skrivevanskar.

Undervisning i samband med lese- eller skrivevanskar vil til vanleg bli gitt som einetimar.

Dersom du lurar på om dette kan vere noko for deg, ta kontakt med leiar for ppt, Astrid Sollid. Ho er til vanleg å treffe på skulen måndag - torsdag.

Skulesjefen.

SKULESTYREMØTE

Skulestyret har møte på Bokn skule tysdag 5. februar 1991 kl. 1830.

BOKN MUSIKKSKULE

4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

TREKKSPEL - UNDERVISNING

Det er ledige plassar på denne aktiviteten.

Skulen har for tida eit tangenttrekkspel til utlån.

Du treng ikkje kunne noter på førehand, og undervisninga er hos Daniel eller på skulen.

INTERESSERTE TAR KONTAKT MED MUSIKKSKULEN.

DAMEKORET

Eit nytt semester gjer det enkelt å byrja i kor, for då er det som regel nye songar som står for tur.

Akkurat nå held me på å friska opp att samarbeidet med Jan Spurkeland i forbindelse med bruopninga, og GAMLE OG NYE MEDLEMMER ER VELKOMNE til bl.a. å vera med på denne store hendinga i Bokn's historie !

KOM IGJEN = KORET TRENG DEG !

INTERESSERTE TAR KONTAKT MED MUSIKKSKULEN.

GRISELOTTERIET

Bokn Røde Kors sitt griselotteri blei trekt den 21. desember 1990 på formannskapskontoret. Vinnar av 1/2 gris vart Marie L. Faye.

TIL SALGS

Opel Rekord stasjonsvogn -77 modell. Tlf. 74 83 59
Spør etter Torleif.

MISTA

Pute til rullestol mista på strekninga Føresvik - Are.
tlf. 74 84 33

NYTT FRA IDRETTSLAGET

JOGG FOR FOLK FLEST

Mange ønsker sikkert at de skulle vært i bedre fysisk form. Enkelte gjør noe med det, men for de fleste av oss blir det med tanken og forsettene.

Kanskje er deltakelse i en joggegruppe en trimform som

passer nettopp for deg? Jeg forsøker med et "spark bak" og oppfordrer alle som har lyst til å jogge litt om å møte på idrettsbanen mandag den 11. februar kl. 18.00.

Husk gode sko!

Hans Faye.

HEI ALLE ORIENTERINGSINTERESSERTE

Idrettslaget inviterer til orienteringstreff i allrommet på Boknatun torsdag den 14. februar kl. 19.00.

Bokn idrettslag har påtatt seg å arrangere nybegynnerløp og kretsmesterskap (nattløp). I denne forbindelse trengs personer til arrangementsstaben. Laget

håper noen vil melde seg til jobben.

På møtet vil det ellers bli orientert om andre stevner, treningsløp og kurs m.v.

Orientering er familieidretten framfor noen. Foreldre oppfordres derfor særskilt til å delta sammen med barn og ungdom.

Hilsen for Bokn idrettslag

Hans Faye

oppmann for orienteringsgruppa

BASAR

SPEIDERNE HAR SIN FØRSTE
BASAR 22. FEBRUAR PÅ
BOKN BEDEHUS

Speiderne skal ha sin første basar, noe som vi seinere vil prøve å få til 1 gang i året. Men vi trenger gevinster. Er det foreldre, besteforeldre, tanter, onkler eller andre som har lyst å bidra med gevinster skal de få lov til det. Vi er takknemlige for det.

Hvis det er noe du lurer på ang. dette kan du ringe:

Leiv: tlf. 74 84 23

Marit: " 74 85 75

Hilsen

1. Bokn K.F.U.M.

og Bokn 1. K.F.U.K.

NYTT STYRE I BOKN IDRETTSLAG

Styret:

Gunnar Bokneberg - formann

Trond Almås - nestformann
Aud Hanne Rasmussen - sekr.
Inge Birkeland - kasserer
May E. Alvestad - matr.forv.
Jan Inge Våge - ungd. repr.

Varamenn til styret:

Odd Magne Olaussen
Gerd Hansen Thuestad

Oppmann for orientering:

Hans Faye

Oppmann/trener for A-laget:

Svein Ove Alvestad

Trenere for guttelaget:

Cliff Olaussen og Heidi Sunde

Trener lilleputt:

Odd Magne Olaussen

STOR TEGNEKONKURRANSE

BOKN SKULEKORPS ARRANGERER TEGNEKONKURRANSE !
VI ØNSKER ET ENKELT MOTIV TIL EN T Y P I S K
BOKN T-SKJORTE
DENNE SKAL SELGES I FORBINDELSE MED FASTLANDS-
SAMBANDETS MARKERING I JUNI.
BRUK FANTASIEN OG TUSJEN!
INNSENDES BOKN MUSIKKSKULE INNEN FREDAG 22.MARS.
PREMIE! ----- OVERRASKELSE!

MÅNEDENS DIKT Halldis Moren Vesaas

TO ROSER

Det kom til mitt bord to roser,
to halvspotne roser i stad.
Eg sit her og ser på dei bære
og blir så forunderleg glad.

To halvopne, kviskrende munnar
som lovar så halvt om halvt
at enno er inkje til endes
og enno kan hende meg alt.

Og røyster eg trudde var tagna
for alltid i sjølve meg
svarar i undring og jubel:
Ja enno kan alle ting skje!

Fra harpe og dolk, 1929

ÅRSMØTE I BOKN ARBEIDARPARTI

Dette styret vart vald på
årsmøtet i Bokn arbeidarparti
den 30.02.91:

Leiar: Birger Lindanger
Nestleiar: Marit Markhus
Sekretær: Arne Hosaas
Kasserar: Gunnar Bokneberg
Styremedlem: Gustav Solberg
1.varamann: Solveig Ørjansen
2.varamann: Else Kjellesvik

MED SEIL FRÅ ISLAND

- Det er nå altså 68 år sidan. Men den turen gløymer eg aldri. Det var min første og siste tur til Island. Me var fire boknarar som hyrte oss på fiskebåten "Stanly" av Kopervik den sommaren -.

Det er Lars Øvrebø som kan fortelja dette til bygdabladet, og han var ikkje gamle karen den gongen.

- Det var året etter at eg var konfirmert. Me var eit mannskap på 8 mann. Dei andre boknarane var Knut Grønnestad, Lars Martinsen og bror min Jakob. Bygdabladet snakka også med Knut Grønnestad i fjor haust, og han kunne heller ikkje gløyma denne spesielle turen. Jakob Håvarstein frå Kopervik var bas. "Stanly" lasta 1200 tønner, motoren var ein svensk 30 HK "Lysekil". Den brukte seil, men motor i stille ver.

Turen bort til Island gjekk greit nok, og me fiska ikkje så verst. Hadde fått ca. 800 tønner.

Så var det ein dag me flytta plass for å leita etter sild. Me sat framme i lugaren og skulle ha oss mat. Då blei det eit fælt brak. - Der gjekk propellen! - sa maskinisten. Og det stemte. Det blei ein dur og heile båten rista. Skipperen tok oss på råd, om me skulle gå på verkstad i Reykjavik eller prøva å gå heim. Det var lang veg, og

berre seila å lita på. Det blei at me tok på heimveg. Var berre innom Siglefjord for å fylla vatn og mat. Me fekk vekslande ver, men mykje kuling. Seila rivna for oss gong etter gong, så me sydde og fiksa på dei. Og det gjekk ikkje fort, men etter ca. 3 veker såg me Utsira klart ein dag. Men det var dårleg ver, og skipperen la kursen mot England. Men så kom me under

Utsira igjen. Då spurde skipperen om nokon melde seg frivillig til å ro. 4 mann skulle ro inn til Sira etter los. Då hadde Knut meldt seg, men fekk til svar at han var for liten og veik, og dei 4 sterkaste rodde for å få los. Så kom me på slep med losskøyta inn til Kopervik. Der vart folk overraska då dei såg "Stanly" ved kaien.

Det var rykte om at båten var gått ned. Me hadde ikkje sendar, så me fekk ikkje gitt lyd ifrå oss. Me var gått lens for poteter, men leid ikkje noko i matveien. Det gjekk på kavring og sild dei siste dagane.

At det var ein god følelse då me hadde lagt inn til kaien i Kopervik, det var både Knut og Lars enige om. Dei fekk ein lod på 3 - 400 kroner, og det var penger det i den tida. "Stanly" blei sett i stand igjen.

LV



TIL SALGS

Etter at A/S Aurora er lagt ned er en del varer til salgs. Varene selges til

høystbydende. Varene kan besiktiges i kiosken onsdag den 6. februar kl. 15 - 18. Bud

sendes innen 9. februar til Jan Erik Nygaard, 4290 Føresvik. En forbeholder seg rett til å forkaste alle bud.

| | |
|-----------------------|-----------------------|
| Butikkdisker | 2 stk. |
| Hylleseksjoner i stål | 42 stk. m/ veggfester |
| | 6 stk. glasshyller |

| | |
|---------------------------------|----------|
| Disk | |
| Brusskap, kjø1 | |
| Mikroovn og fryseskap i konsoll | |
| Kassaapparat | |
| Stereoanlegg | |
| Videospillere u/ fjernkontroll | 2 stk. |
| Biltilhenger | |
| Pengeskap | |
| Runde bord, Ø 60 cm | 3 stk. |
| Plaststoler helplast | 10 stk. |
| Klappstoler | 2 stk. |
| Kaffetrakter (Moccamaster) | |
| Ministøvsuger (Black & Decker) | |
| Kaffekanner | 2 stk. |
| Plastholdere | 11 stk. |
| Engangskopper | 1 stabel |
| Kaffefilter 1x4 | |
| Papirservietter for automat | |
| Serviettholdere | 2 stk. |
| Innpakn.papir, jul | 2 ruller |
| Innpakn.bånd | |
| Plastbørenett | |
| Glasskrukker m/ patentlås | 16 stk. |
| Glasskrukke m/ glasslokk | |
| Stort glass m/ stett | |
| Smykkestativ | |
| Sorteringskassetter | 2 stk. |
| Bladholderbokser | 2 stk. |
| Kontorrekvisita + kortarkiv | |
| Stiftemaskin | |
| Tapholder | |
| Julepynt | |
| Vindusdekorasjon, jul | |
| Påskeypynt | |
| Askebeger | 9 stk. |
| Plasturner | 5 stk. |
| Glassurner | 2 stk. |
| Varmeovner til vegg | 2 stk. |

TIL SALGS

Blukt hvitt badekar m/ frontpanel, uten emaljeskade, selges rimelig. Må i tilfelle hentes snarest. tlf. 74 83 28

HOBBYBRAKKA

FEBRUARSALG

Vinterens motestoffer ÷40%
Julestoffer nå kr. 39,-
Bomullsgarn kr. 10,- pr. nøste
Andre varer unntatt
hobbyartikler ÷ 10%
Nye symaskiner fra kr.2.900,-

Åpn.tid 17 - 19 unntatt torsd.
Lörd. 10 - 13

SØKJER JOBBAR

9. klasse på Bokn skule søker småjobbar.
Henvendelse til Brit Opsal, Bokn skule, tlf. 74 85 00.
Ring helst mandagar mellom kl. 10.00 - 14.00.



BOKN
TRYGDEKONTOR

LEDIG STILLING

VIKAR SOM FØRSTESEKRETÆR
VED BOKN TRYGDEKONTOR

Trygdekontoret har ledig vikariat i 3/4 stilling som førstesekretær med tiltreding snarast muleg.

Vikariatet varer fram til 1. september 1991.

Lønstrinn 15 - 21.

Vi søker ein medarbeidar med god almenutdanning. Det vil bli lagt vekt på personlege eigenskaper og evne til samarbeid og sjølvstendig arbeid.

Nærare opplysningar kan ein få ved å venda seg til Bokn trygdekontor, 4290 Føresvik, innan 15. februar 1991. Bruk gjerne etatens søknadsblankett.

RIKSTEATERET i samarbeid med Hordaland Teater ombord i teaterbåten "Innvik" viser forestillinga

Då Prinsesse Sita vart kidnappa

kl. 17.00

og

VEST E' BEST

kl. 19.00.

Begge forestillingane er mandag den 11. februar.

Teaterbåten ligg i Føresvik. Billettar kan kjøpast i biblioteket eller ved inngangen før forestillinga.

"Då prinsesse Sita vart kidnappa er ei forestilling for barn (familieframsyning), mens "Vest e' best" er for ungdom frå 13 år.

Billettpris: kr. 30,-.

Arr: Bokn kulturstyre

MERKEDAGAR I FEBRUAR

2.februar:

Kyndelsmesse, lysmesse, den dagen kyrkjelysa blir innvia

3.februar:

Blåsmesse erei misforståing av av dagens helgennavn St.Blasius, ein biskop som leid martyrdøden under keisar Diokletian. Av likheta med ordet blå oppstod den folketru at hvis det bles sterkt denne dagen, blei det mykje vind det året.

6.februar:

Dortemesse, til minne om Dorthea, hagedyrkeranes skytsengel

10.februar:

Morsdag
Fastelavenssundag

12.februar:

Fetetirsdag

13.februar:

Askeonsdag, avsluttar karnevalstida, innleiar fasta.

14.februar:

St.Valentins dag.

22.februar:

Pederstol til minne om då St.Peder blei opphøya på patriarkstolen i Antiokia.

24. februar:

Mattismesse etter apostelen Matteus. Viss det er is på Mattisdagen, går han opp. Var det ikkje is før, så kjem han nå.



MØTER OG GUDSTENESTER 1. HALVÅR 1991

| | | | |
|-------------|---|-----------|---|
| Februar: 3. | Gudsteneste | April: 1. | Gudsteneste |
| 5.-6. | Møter på Bokn Bedehus v/NMS | 1. | (2. påskedag) Møte på Bokn bedehus v/ Blå kors |
| 7.-8. | Møter på Hognaland bedehus v/NMS | 14. | Gudsteneste |
| 9.-10. | Møter på Bokn bedehus v/NMS | 17. | Møte på Hognaland b.h. v/Israelsmisj. |
| 17. | Gudsteneste | 18. | Møte på Bokn bedehus v/ Israelsmisj. |
| 20. | Møte på Bokn bedehus v/ Israelsmisjonen | 21. | Etterm.møte på Hognal. b.hus |
| 21. | Møte på Hognal. bedeh. v/ Israelsmisjonen | 28. | Gudsteneste Konfirm.samt. (kveld) |
| 24. | Møte på Hognal. bedeh. v/Indrem. | | |
| Mars: 3. | Gudsteneste | Mai: 5. | Møte på Hognal. b.hus v/NMS |
| 5.-6. | Møter på Bokn bedehus v/ Misjonssambandet | 12. | Gudsteneste Konfirmasjon |
| 7.-8. | Møter på Hognal. bedehus v/ Misj.samb. | 17. | Gudsteneste |
| 9.-10. | Møter på Bokn bedehus v/ Misjonssambandet | 20. | Gudsteneste (2.pinsedag) |
| 17. | Gudsteneste | 20. | Møte på Bokn bedehus v/ Indremisjonen |
| 18.-19. | Møter på Hognal. b.h. v/ I. Sjøm. misj. | 26. | Møte på Bokn b.h. v/Blå kors |
| 20. | Årsmøte for Bokn bedehus | Juni 2. | Gudsteneste |
| 21.-22. | Møter på Bokn bedehus v/ I. sjøm.misj. | 9. | Etterm.møte på Bokn bedehus |
| 24. | Ettermidd.møte på Bokn bedehus v/NMS | 16. | Møte på Hognal. bedehus v/ Santalmisj. |
| 28. | Gudsteneste (Skjærtorsdag) | 23. | Gudsteneste |
| | | 30. | Møte på Bokn bedehus v/ Blå kors |

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 Føresvik
Tlf.04-748500
Postgirokonto nr.5 68 45 01
Bankgirokonto nr.3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr.100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr.300
Halv side:kr.150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonsar: kr.10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

ARR: I FEBRUAR

- 01.02. Kino
 02.02. Ungdommens
 kulturmønstring
 08.02. Bingo.
 Arr. Bokn skulekorps
 22.02. Bruåpningsfest (dagtid)
 22.02. Basar på Bokn bedehus
 Arr: Speiderne

TIRDAGSTREFFET

Ein vil elles minna om Bokn sanitetsforening sitt TIRSDAGSTREFF på Allrommet kvar tirsdag frå kl. 10.00 - kl. 13.00. Her er ein stad å treffa sambygdingar over ein kopp kaffi med vafler. Biblioteket opnar dørene til Allrommet i dette tidsrommet. Dessutan er det ope både hos lege, tannlege, helsesøster pluss kommunale og statlege kontor i Boknatun. Det gjeld t.d. trygdekontor, likningskontor og post. Også banken har ekspedisjonstid. Har ein nokon å sjå til på sjukestova, er det også høve til det. Tirsdagstreffet er meint som eit trivselsfremjande tiltak for alle grupper, og spesielt ynskjer ein at dei rundt pensjonsalderen vil nytta seg av tilbudet.

GUDSTENESTER

3. februar om kvelden
 17. februar
 3. mars
 17. mars
 28. mars (Skjærtorsdag)
 31. mars kl.15.00 (Påskedag)

LEGEKONTORET

Dr. Aune har vinterferie
 tirsdag 26. februar.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie den 11.
 februar.
 Påmelding tlf 74 85 00.

Lensmannen

Lensmannen er å treffa
 1.fredag kvar mnd. i Boknatun
 frå kl. 1 .00 - 1 .00.

BASAR

19. februar kl. 19.00
 på Hognaland bedehus.
 Arr: Hognaland barneforening.

SUNDAGSSKULE KYRKJEBYGDA

10. februar

UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING

utstilling musikk
 drama miming

BOKN SKULE LØRDAG 2. FEBR.
 KL. 14.00

gratis adgang

ALLE ER HJARTELEG VELKOMNE!

- Kulturkontoret -